

Vekeplan for 7. trinn veke 6

Tid	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
08.30-09:30	Norsk Lesekvart Drama	Mat og Helse Hugs forkle og hårstrikk	Norsk Lesekvart Språkverkstad	Skøytedag Mellomtrinnet opp på Lille-Jørgen Hugs varme klede, mat og drikke til å vere ute ein heil dag.	Matte Matteprøve kap 2
09:30-09:45					Fyfo
09:45-10:40	Matte Brøk og desimaltal		Engelsk Fremføring		Vekeslutt Vekas 4
10.40-11:30	Mat og midttide				
11:30-12:30	Norsk Lesebestilling	Stasjonsarbeid 	Samfunnsfag Samefolkets dag 		Musikk Musikkhistorie
12:45-13:45	Gym Hugs gymklede				Gym Hugs gymklede
13:45-14:45					
	Slutt 13:45	Slutt 13:15	Slutt 13:30	Slutt 13:30	Slutt 13:15
	Leksegruppe 13:45-14:30		Leksegruppe 13:30-14:15		

Mattelekse til fredag	Engelsklekse til fredag	Norsklekse til fredag
Gjer repetisjonsoppgåver på ark. Kapittelprøve på fredag.	Write one sentence for each word below in your homework book. Underline or mark the word in your sentence. this – but – his – by – from – they – we – say – her – she	<u>Lesebingo:</u> Les minst 15. min kvar dag i valfri bok for å få eit kryss på bingo. Hugs å skrive leselogg.

Informasjon heim.

Hei.


I februar startar vi opp med lesemånad på skulen. Målet er å styrke leselyst og leseforståing hos elevane. Elevane skal lese 15 minutt kvar dag i valfri bok i lekse. Dei får utdelt lesebingo og leselogg som skal fyllast ut undervegs.

Eit ferdig utfylt lesebingoark blir eit lodd i trekninga av premie på slutten av februar.

Vi ber om at føresette signerer både lesebingo og leselogg før innlevering.

Det er meldt kaldt og fint vår framover, så på torsdag går mellomtrinnet igjen opp til Lille Jørgen for ein skøytedag. Vi går frå skulen kl. 08.30. Elevane kan ta med enkel grillmat, nok varm og kald drikke, varme klede, skøyter og hjelm. Vi har nokon skøyter på skulen, som elevar kan låne viss dei ikkje har. Ta med ein vedkubbe til bålet om de har! Vi gler oss til ein kjekk dag ute.

Mål vi jobbar mot denne veka:

Norsk 	● Eg kan forklare kva drama er, og kjenner til omgrep som rolle, replikk, scene og handling. ● Eg kan delta i enkle dramaaktivitetar og framføre korte scenar saman med andre. ● Eg kan fortelje kven Henrik Ibsen var, og kvifor han er ein viktig dramatiker i norsk litteraturhistorie. ● Eg kan skrive ord med rett bruk av dobbel konsonant.	Ekspertord - drama - dramatiker - scene - scenetilvisning - akt - rollespel
Matte 	● Eg kan multiplisere desimaltal med heiltal. ● Eg kan multiplisere desimaltal med desimaltal. ● Eg kan dele med desimaltal ● Eg kan bruke matematiske omgrep og forklare korleis eg tenkjer når eg reknar.	Matematiske ord - tidel - hundredel - multiplisere - dividere
Engelsk	● I can present my own work in English using clear sentences, relevant vocabulary, and a confident voice, and respond to simple questions from the audience.	
Samfunnsfag	● Eg kan fortelje om samisk kultur. ● Eg veit kvifor reindrift er viktig for mange samar. ● Eg kan lytte til og lese samiske eventyr, og fortelje kva dei handlar om. ● Eg kan vise respekt for samisk kultur og for at menneske lever på ulike måtar.	
Sosialt arbeid 	● Vi skal bidra til arbeidsro ved å jobbe stille, vise omsyn og la alle få moglegheit til å konsentrere seg. ● Vi skal høyre etter når andre snakkar, både lærarar og medelevar, og vise respekt ved å vente på tur og sjå på den som har ordet. ● Vi skal gjere vårt beste både i grupper og aleine, ved å samarbeide, dele på oppgåvene, hjelpe kvarandre og ta ansvar for vårt eige arbeid.	